



Notat

Dato: 27.04.2017
Arkivsak: 2014/13889-65
Saksbehandlar: lisadla

Til: Utval for miljø og samferdsel, Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Fagdag om sykkel, 9. juni 2017

Hordaland fylkeskommune inviterer, i samarbeid med Trygg Trafikk, Statens vegvesen og Bergen kommune, til fagdag om sykkel der tema er sykling og trafikksikring. Arrangementet er dagsett til 9. juni 2017, på Grand Terminus i Bergen.

Bakgrunnen for fagdagen er å setje eit ekstra fokus på sykkel som transportmiddel, - både for born og vaksne. I Hordaland er det framleis mykje ugjort på sykkelsida, og det er ei målsetting å auke talet på syklande. Trafikksikring for sykkistar er eit element i den samanhengen, og på fagdagen vil ein løfte desse to problemstillingane særskilt.

Målgruppa for konferansen er kommunane, Statens vegvesen, Trygg Trafikk, fylkeskommunen, politikarar, konsulentar, interesseorganisasjonar, Politiet. Det vert lagt opp til at fagdagen er gratis for deltakarane.

Påmeldingsfristen er sett til 15. mai 2017.